



## AUSTRHEIM KOMMUNE

Plan, bygg, oppmåling og miljø

Kaland Trelast AS  
Alexander Landa  
Keilevegen 45  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/4718 - 21/5021

Saksbehandlar:  
Stein Kåre Løvslett  
stein.kare.lovslett@austrheim.kommune.no

Dato:  
29.06.2021

# Vedtak - Mellombels bruksløyve gbnr 131/320 bustadeining 9C i firmemannsbustad

## Administrativt vedtak. Saknr: 082/21

**Tiltakshavar:** KALAND & V2 BOLIG AS  
**Ansvarleg søkjar:** KALAND & V2 BOLIG AS  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 24.07.2019. Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Denne delen er helt ferdig klar til innflytting. Uteområde er ferdig.
2. Kontrollerklæring for våtrom og lufttetthet er ikke signert da det mangler en del dokumenter vedr. dette. Selve kontroll på byggeplass er foretatt og er ok. Kontrollerklæring våtrom og trykktesting vil bli signert/utført når alle leilighetene er ferdig. Dette sendes inn i forbindelse med ferdigattest

Mellombels bruksløyve gjeld [del av/heile] tiltaket: 14.03.2022.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 14.03.2022

Det vert elles vist til søknad motteken 28.06.2021.

## VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for [heile/delar] av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

## Skildring

Adresse:	Straumshaugane 9C
Bygningstiltak:	4-mannsbustad
Bygningsnummer:	
Bruksareal:	
Avløp:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	1

## VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for del av 4-mannsbustad på grn. 131, bnr. 320 bustadeining 9C på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: Bustadeining 9C
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 14.03.2022.

## Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reises søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/4718]

Med helsing  
Stein Kåre Løvslett  
ingeniør

**Kopi til:**  
Alf Kvant  
Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen

**Mottakere:**

Kaland Trelast AS

Keilevegen 45 5953

FONNES